

## SUNNIVALEIA FRÅ BERGEN TIL SELJE

Gulatinget og Kvernsteinsbrota i Hyllestad er, saman med Selja kloster og Kinnakyrkja, fire sentrale kulturhistoriske stader langs Vestlandskysten. Dei eksisterte i ei brytningsti med store samfunnsendingar: overgangen mellom vikingtid og mellomalder. Kvar på sin måte har dei fire stadane spela ei viktig rolle då kristendommen begynte å få fotfeste i landet.

[Selje prestegård og pilegrimssenter](#)

[selje@pilegrimssenter.no](mailto:selje@pilegrimssenter.no) Tlf:+47-47515463

### GULATINGET

Frå tidleg 900-tal til ca. 1300-talet kom høvdingar, stormenn og bønder saman til årleg tingsamling i Gulen. Gulatinget var eit av dei eldste og største tingsamlingane i Norden i mellomalderen. I Eivindvik, der tingsamlinga truleg kan ha vore, står to store steinkrossar som begge har vorte produsert i kvernsteinsbrota i Hyllestad.

[www.gulatinget.no](http://www.gulatinget.no)

### KVERNSTEINSBROTA I HYLLESTAD

I over 1200 år har det vore produsert kvernsteinar i Hyllestad. Utvinninga starta i byrjinga av vikingtida og heldt fram gjennom heile mellomalderen og inn i nyare tid. Kvernsteinane vart vidt eksportert allereie i vikingtid og kan finnast igjen fleire stader i Norden. Fleire av dei store steinkrossane som står langs Vestlandskysten er produsert i Hyllestad, og m.a. har både Korssundet, Gulatinget, Vilnes og Kinn kyrkje motteke steinkrossar herifrå. [www.kvernstein.no](http://www.kvernstein.no)

### KORSSUNDET

Korssundet er ein gamal gjestgjevarstad. Staden har fått namnet etter den store steinkrossen som er reist her. Med sine nesten fire meter over fundamentet, er krossen ein av dei aller største som framleis fins.

[www.fjordkysten.no/ting-a-gjere/korssund-fjaler-p852043](http://www.fjordkysten.no/ting-a-gjere/korssund-fjaler-p852043)



Etappa som er under arbeid sør for Florø, startar på Gulatinget i Gulen. Herfrå går ein nordover og kryssar Sognefjorden med ferje frå Rutledalen til Rysjedalsvika. På nordsida av fjorden går leia innom Kvernsteinsparken i Hyllestad og vidare til Skifjorden og Korssundet. Vilneskyrkja er også eit fint kulturminne å ta med seg før turen går vidare via Askvoll til Florø. Inntil leia er merka og tilrettelagt for individuell vandring, kan dette vere ein fin tur med sykkel langs offentleg veg. Sjekk ferjeruter.

[post@lihesten.com](mailto:post@lihesten.com) • tlf. 97135509 • [www.facebook.com/lihesten777](https://www.facebook.com/lihesten777)



# SUNNIVALEIA

– ei pilegrimsvandring over sjø og  
land på Vestlandet

BERGEN · KINN · SELJE



SUNNIVALEIA

Foto: Lasse



Kvart år vert det arrangert vandringar i Sunnivaleia, gjerne med Kinnaspelet og gudsteneste i Kinnakyrkja som start. Leia knyter saman dei to heilage øyane Kinn og Selja. Ho går langs kysten frå Florø til Kinn, over Bremangerlandet via Vågsøy og til Selje. Prest og lokalkjend person er med på dei organiserte vandringane.

## HISTORIA

I år 996 utropte Olav Trygvasson Selja til den første heilagstaden i Noreg, og Sunniva vart helgenkåra. St. Sunniva er den einaste kvinnelege helgenen i Noreg, og segna om ho var svært viktig i kristninga av landet. Soga fortel at Olav den Heilage gjekk i land på Selja for å knele i kapellet i Sunnivahola då han vende tilbake frå England i 1015 for å vinne kongsmakt. På Mostratinget i 1024 fekk han vedteke ein kristenrett med oversyn over alle heilagdagane. Her har vi for første gong informasjon om seljumennene og messedagen deira den 8. juli. I mellomalderen var kysten den fremste ferdelsesvegen. Dei fleste langvegsfarande pilegrimar reiste sjøvegen og stogga ved Kinn og Selja. I tillegg til Selja sin status som heilagstad og bispesete, gjorde plasseringa rett ved det lumske Stadhavet øya til eit geografisk og sosialt knutepunkt. Bispesetet vart seinare flytta til Bergen, og Sunniva fekk status som vernehelgen for heile Vestlandet.

## NOTID

I dag kjem atter pilegrimar til Kinn og Selja. Sunnivaleia heiter pilegrimsleia som går langs kysten frå Bergen til Florø, via Reksta og Kinn, over Bremangerlandet til Måløy og endar i Selje. Ho er ein del av Kystpilegrimsleia til Nidaros. Leia er no tilrettelagt og merka mellom Kinn og Selja. Ei pilegrimsvandring langs norskekysten byr på andre opplevingar og utfordringar enn innlandsrutene. Det vakre og ville kystlandskapet, skore tvers over av fjordar og med det mektige Atlanterhavet brusande inn rundt øyane byr på storleggen natur, naturkrefter som fyller hjarte og sjel, men også roleg hav til ettertanke og refleksjon.

Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva ønskjer å ta godt i mot pilegrimar som vil vandre langs Sunnivaleia. Vi arrangerer fellesvandringar, svarar på spørsmål og gjev råd til alle som vil bruke denne leia.

[www.sunnivaleia.no](http://www.sunnivaleia.no)

[www.nordfjord.no](http://www.nordfjord.no) • Selje turistinformasjon tlf. 404 46 011

[www.fjordkysten.no](http://www.fjordkysten.no) • tlf. 57 74 30 00



## SUNNIVALEIA: FLORØ, REKSTA OG KINN

Sunnivaleia startar i Florø med rutebåt til kaia i Selvåg. (Du kan spørje mannskapet om bagasjen din kan stå på båten til du går om bord att i Rognaldsvåg ca kl. 15.00). Følg merka sti/bilveg på sørsida av Reksta heilt fram til Rognaldsvåg. Etter om lag 30 minutt kjem du til Indre Reksta der du passerer den gamle klokkargarden til Kinnakyrkja. Veggen endar ved det nedlagde skulehuset, og du går via Ytre Reksta til Rognaldsvåg. I Rognaldsvåg er det butikk med kafé der du kan vente på rutebåten som går om lag kl. 15.00 til Kinn.

Om du ikkje ønskjer å ta turen om Reksta, kan du følgje båten heilt til Kinn. Frå kaia her går Sunnivaleia på sørsida og over Høyskaret før stien går austover mot kyrkja på nordsida. I Høyskaret går det merka sti opp på Søre Stauren (som dannar Kinnaklova) med fantastisk utsikt til oljeplattform, Ytterøyane fyr og øyane sør og nord for Kinn. Den kortaste veggen til kyrkja går langs grusveggen på nordsida av øya. På denne veggen passerer du skulehuset som no er leigd av Turistforeningen og er deira vestlegaste turisthytte. Kinnakyrkja er ei gammal steinkyrkje frå 1100-talet. Kvar dag i juli er kyrkja open, og frivillige som bur i den gamle stova ved kyrkja er vertskap og leier faste tidebøner kl. 14.00 og 19.30. Her er omvising om sommaren og gudstenester på seljumannamessedagen og olsok. Kinnaspelet vert arrangert 3. helga i juni kvart år, og det er alltid ei fellesvandring til Selja med start på Kinn kinnaspelsøndagen.

## SUNNIVALEIA PÅ BREMANGERLANDET

Frå Kinn tek du rutebåt til Florø og vidare til Smørhamn i Bremanger. Det er fint å overnatte på Smørhamn handelsstad som ligg nokre hundre meter mot sør langs hovudveggen. Neste dag følgjer du veggen om lag 15 km til gravplassen på Novelandet der leia går i terrenget vidare forbi Ryland og Bremangerpollen til Hauge der det kan tingast overnatting på Havly. Her er siste butikken før Måløy. Bremanger kyrkje og den gamle kyrkje- og gravplassen frå 1300-talet på Grotle er verdt eit besøk. På Grotlesanden snur pilegrimane og går tilbake same veggen. Ein fylgjer veggen langs Dalevatnet og tek stien ved Klungreset opp gjennom Klungresetdalen. Her er det merka sti opp på fjellet og ned til ferjekaja på Oldeide.

[www.smorhamn.no](http://www.smorhamn.no)

## SUNNIVALEIA FRÅ MÅLØY VIA BRYGGJA TIL SELJE

Du kan tinge overnatting på Ulvesund fyr som ligg ca 12 km nord for Måløy på fastlandssida. Det er ikkje merka noko rute mellom Måløy og Bryggja. Det går an å følgje riksveg 15, og denne er ganske trafikkert. Dei første kilometrane er det gang- og sykkelveg. Eit lite stykke etter oppstinga frå Tennebø er den gamle veggen fin å nytte. Den tek til høgje like ved ein garasje i fjellet. Denne følgjer du rundt tunnelen. Etter dette må du følgje veggen, ta buss eller liknande vidare til Holmely/Fjordly, der du kan overnatte. Så går leia mot Rimstad og Myklebust over Berstadeidet til Selje. Dette er truleg ei gammal ferdelsesåre for pilegrimar på veg mot Selja. Det tar om lag 30 min å gå frå Holmely til Rimstad og 3–4 timar til Selje. Frå Berstad til Selje går ein langs riksveg 618.

## I SELJE

er det butikkar, overnatting, galleri m.m. Seljestranda og Selje kyrkje ligg nær sentrum. Klosterbåten går frå Selje og ut til Klostersvågen på Selja, den heilage klosterøya. Rundt heile øya går det sti. Det er lettest å gå på nordsida til Bø (1,5 km) der du kan sjå ei gammal kyrkjetuft frå 11-talet. Denne kyrkja vart flytta inn til Selje i 1654. På sørsida går stien (3 km) forbi fødestaden til kunstmålaren Bernt Tunold og Ilshaugen der det var varde eller vete heilt frå leidangen vart innført på 900-talet. Så passerer du den lune Heimen der humle- og urtehagen til klosteret ligg. Enno kan du finne planter som elles er sjeldne i Noreg. Dunhelleren har fleire opningar og her høyrer du ei spesiell buldring, døn, når bølgen slår mot land.

## KLOSTERET

Ruinane er av eit benediktinarkloster grunnlagt omlag år 1100. Klosteret var eit av dei første bispeseta i Noreg, vigd til St. Albanus. Utvidingane starta alt før biskopen flytta til Bergen, kanskje alt på 1150-talet, og det hadde ikkje benediktinarane gjort dersom pilegrimsmålet berre var knytt til bispesetet. Heile anlegget er komplett med klosterkyrkje, tårn, andre klosterbygningar, indre og ytre kyrkjegardsmur, ytre klostermur, klosterhage og beitemarker, samt helgenanlegget i fjellsida med Mikaelsskyrkja og Sunnivakyrkja. Klosteret vart herja av brann og nedlagt etter reformasjonen. Ein tur til Dragseidet og Vestkapp på Stad er også fin å få med seg.



Spørsmål om fellesvandringar kan stillast til soknepresten i Selje, Kari Leine Balog, på tlf. +47 975 43 466 eller via e-post til [kl-balog@online.no](mailto:kl-balog@online.no).

Du finn detaljert informasjon om vandringa frå Kinn til Selja på: [www.sunnivaleia.no](http://www.sunnivaleia.no).

Facebook: Skriv *Sunnivaleia* i søkefeltet.